

REFERAT

MØTE: ORGANISASJONSKOMITEEN

| | |
|-------------------------|-------------------------|
| Møteleiar: Jørgen Amdam | Referent: Joakim Rødven |
|-------------------------|-------------------------|

| | | |
|---------------|---------------------------------|--|
| Dato 26.09.17 | Møtetid frå – til 1400-15:30 | Stad: Volda Rådhus, møterom Voldsfjorden |
|---------------|---------------------------------|--|

| | |
|---|---|
| Tilstade: <u>Medlemmar Hornindal:</u> Eldar Englund, Stig Olav Lødemel, Brynhild Lund Notøy <u>Medlemmar Volda:</u> Jørgen Amdam (leiar), Rebecca Riise Bjerknes, Dan Helge Bjørneset, | Forfall: Per Maurset, Arild Iversen <u>Varamedlemmer Volda:</u> Dan Helge Bjørneset <u>Varamedlemmer Hornindal:</u> Brynhild Lund Notøy |
| Også til stade: Joakim Rødven, kommunikasjonsrådgjevar | |

| Sak |
|---|
| Vidare framdrift <i>Leiar Jørgen Amdam innleia møtet med å leggje fram ei skisse til framdrift for Organisasjonskomiteen.</i> <i>Det er tre politiske nivå som skal vurderast, høyrast og fremme forslag til: 1) Kommun nivå, 2) Nemnds nivå og 3) Grendenivå.</i> <i>Amdam la fram følgjande forslag til framdriftsplan for Organisasjonskomiteen:</i> Møteplan haust 2017: Oktober: Tema Nemnds nivå (struktur) + Grendenivå (verkemiddel)? Oktober 12. Møte i fellesnemnda - Volda November: Tema Nemnds nivå + Grendenivå? November 16. Møte i fellesnemnda – Grodås November: Møte(r) med grendeutval Fellesmøte for dei to kommunestyra – framlegging av våre forslag for drøfting – januar? <i>Medlemmene støtta forslaget til framdriftsplan.</i> <i>I tillegg må det lagast forslag til reglement, som så skal fremmast for Fellesnemnda til vedtak. Dette gjeld alle dei tre nivåa.</i> |

REFERAT

| |
|---|
| <p>Lokalutval</p> <p><i>I samband med framtidig organisering av lokalnivået er det naturleg å sjå nærare på struktur og folketalsendringar.</i></p> <p><i>Ein kan i dag skilje mellom fem «soner» for Nye Volda: Hornindal, Ulvestad, Folkestad, Mork og Volda sentrum. Under desse sonene følgjer det fleire grunnkrinsar, og det er ulikt aktivitetsnivå hos grendeutvala i dei ulike krinsane/sonene. Eit tema som vart drøfta på møtet, var korleis ein best mogeleg kan organisere grendeutvala i den nye kommunen.</i></p> <p><i>Leiar Amdam føreslo følgjande alternativ:</i></p> <ol style="list-style-type: none"><i>1) «Paraplyorganisering» - ein kontaktorganisasjon for kvar av sonene ovanfor – men som kan inkludere fleire grendelag.</i><i>2) Samanslåing til 1 til 2 grendelag i kvar av sonene ovanfor</i> <p><i>Amdam la også stor vekt på at grendelaga er frivillige organisasjonar som er sjølvopnemnde. Det betyr også at endringar må gjerast som frivillige prosessar. Det som kan fremme endring er større grad av forplikting frå kommunen si side, til dømes:</i></p> <ol style="list-style-type: none"><i>a. Systematisk høyring i alle saker som gjeld sona spesielt – alle plan- og utbyggingssaker - budsjett</i><i>b. Sekretariat sentralt for hjelp/støtte/planlegging/organisering</i><i>c. Utviklingsmidlar for mindre lokale tiltak – fast basisløyving og mogleg å søke prosjektmidlar (årleg ramme 200.000 kr.)?</i><i>d. Årleg kommunestyremøte i kvar sone og med orientering frå sona (nemndene?)</i><i>e. Årleg felles samling – opplæring...</i> <p><i>Ei felles oppfatning frå Organisasjonskomiteen er at budskapet må vere å gjere grendeutvala sterkare og gi dei meir «makt».. Ein strategi som vart lagt fram i møtet var å arrangere møte med kvar av dei fem sonene, og ha ein diskusjon på kva grendene tenkjer rundt ei framtidig organisering.</i></p> |
| <p>Eventuelt</p> <p>Møtetidspunkt</p> <p><i>Det vart lagt fram eit forslag om å halde møta i organisasjonskomiteen til same dag som møta i Fellesnemnda, mellom anna på grunn av at nokre er medlemmer av både Fellesnemnda og organisasjonsutvalet. Det var ei brei einigheit om at dette kunne vere ein god idé.</i></p> <p>«Ny næring på gamle tufter»</p> <p><i>Leiar Jørgen Amdam orienterte kort om prosjektet, og at prosjektplanen skal vere klar om ikkje så altfor lenge.</i></p> <p>Kommentar til førre møteprotokoll</p> <p><i>Rebecca Riise Bjerknes ønskte å kome med ein kommentar til protokollen frå førre møte. Bjerknes refererte til følgjande avsnitt om politiske nemnder:</i></p> <p><i>«Det vart teken opp at det i dag er stadig blir meir krevjande å vere politisk i tillegg til å ha vanleg jobb, især i privat sektor. Synspunkt på at møtetidspunkt og hyppigheit på møteverksemd kan påverke rekrutteringa til politiske nemnder vart løfta fram. Ei utfordring med dette kan vere at politiske utval kan ha ein høg del offentleg tilsette og låg del tilsette i privat sektor.»</i></p> <p><i>Sjølv om Bjerknes var einig i at ein også skal leggje til rette for representantar frå privat sektor, ønskte ho ei større deltaking av unge kvinner – som ho la vekt på ofte jobbar i offentleg sektor. Bjerknes la derfor fram eit sterkt ønske om at det vert teke med i vurderinga av organiseringa av møteverksemda for dei politiske nemndene i den nye kommunen.</i></p> |

Neste møte: 12. oktober i for/etterkant av Fellesnemndmøtet.